

LA NYE KREFTER SLEPPE TIL I NAUSTDAL !

GJE OSS EIN SJANSE !

Stem difor på

RAUD

VALALLIANSE !

MED FOLK MOT MAKTA - RV TRENGS, OGSÅ I NAUSTDAL !

- * **RV arbeider etter mottoet "med folk mot makta".**
Dette er bakgrunnen for at **RV** skil seg klårt frå dei andre partia i måten å drive kommunestyre- og fylkestingspolitikk.
- * I mange kommunar har **RV** avslørt korrupsjon, lureri og dårleg forvaltningsskikk. Best kjent er Erling Folkvord i Oslo, men mange andre **RV**-representantar har gjort liknande arbeid. **RV** legg ned eit stort og grundig arbeid med å få fram avsløringar i heile landet. Mange folk vender seg til **RV** fordi **RV** er det einaste partiet som er uredde nok til å stå fram og avsløre lureri eller brot på vedtak og lover. **RV** set lojaliteten til arbeidsfolk over lojaliteten til makt-personar som freistar å skjule praksisen sin ved hemmeleghald.
- * **RV** fylgjer også opp sakene til enkeltpersonar som kjenner seg trakka på av det offentlege maktapparatet.
- * **RV** vert ofte møtt med argument om at vi er så få og at forslaga våre vert stemde ned. Men då foreldra på Nøtterøy verkeleg stod på for å få attende skulekretsgrensene, så måtte dei andre partia bøye seg, sjølv om **RV** stod åleine i byrjinga. Det fins mange slike eksempel. **RVarar** er opprørarar som står saman med folk i mange saker, og difor er det mogleg å vinne mange kampar. Vår oppgåve er å bryte veg for nye idear og perspektiv, noko som så absolutt trengs i lokalpolitikken, også her i Naustdal.
- * **RV** treng omlag 50 - 60 stemmer for å verta representerte i Naustdal kommunestyre. Dette burde vera ei overkomeleg oppgåve. Men då må alle som ynskjer at **RV** skal koma inn, bruka **RV** si liste ved kommunevalet. Det nyttar lite å føre opp den eller dei **RVarane** som du vil ha inn i kommunestyret på andre parti sine lister. Ved kommunevalet i 1987 fekk **RV** 42 stemmer, i tillegg var dei to fyrste på lista ført opp på andre parti sine lister 37 gonger. Hadde berre 12 av desse nytta **RV**-lista i staden, hadde **RV** fått ein representant.

SÅ DIFOR:

**VIL DU AT RV SKAL VERTA REPRESENTERTE I
KOMMUNESTYRET, BRUK RV-LISTA !**